

Landbrukstenester Sogn SA og Vik Bygdeservice SA fusjonerte med verknad frå 01.01.14.

Note 1 Fordringar

Medlemsfordringar og andre fordringar er vurdert til pålydande. Det er gjort frådrag for kr 40 235 for pårekeleg tap på medlemsfordringar.

Note 2 Skatt

Landbrukstenester Sogn har tidlegare år ikkje bokført utsett skatt/utsett skattefordel. I samband med fusjonen i 2014 med Vik Bygdeservice SA vart balanseverdiane til Vik Bygdeservice per 01.01 ført inn i rekneskapen til Landbrukstenester Sogn. Vik Bygdeservice hadde ført opp utsett skattefordel knytt til det framførbare underskotet i laget. Utsett skattefordel er difor ført opp per 31.12.14

Skatten for 2014 er berekna slik:

Mellombelse skilnader	2014	2013	Endring
Driftsmidlar	0	0	0
Fordringar	-40 235	-40 235	0
Sum mellombelse skilnader	-40 235	-40 235	0
Framførbart underskot LS	-320 258	-13 115	
Bokført utsett skattefordel (2013 i Vik Bygdeservice)	97 333	(105 678)	8 345

Utsett skattefordel utgjer 27% av negative mellombelse skilnader og framførbart underskot.

Skattekostnad 2014

Rekneskapsmessig resultat før skatt	47 503
- Endring i mellombelse skilnader	0
+/- Permanent skilnad	0
Skattepliktig inntekt (avrunda)	47 503
- Framførbart underskot	-47 503
Skattepliktig inntekt etter framførbart underskot	0

Betalbar skatt, 27% av skattepliktig inntekt	0
Formuesskatt	4.729
Betalbar skatt i balansen	4.729
Endring utsett skattefordel	8.345
For mykje avsett skatt førre år	30
Sum skattekostnad i resultatrekneskapen	13.044

Note 3 **Andelskapital og endring egenkapital**

Landbrukstenester Sogn hadde ein historisk innbetalt andelskapital på kr 86.000 per 01.01.14. I 2014 har laget fusjonert med Vik Bygdeservice som hadde ein innbetalt andelskapital på kr 205.300. Ny samla andelskapital er på kr 291.300.

Andelskapitalen står fast og vert ikkje betalt ut att til brukarar som sluttar å nytte laget.

Endring i egenkapital i løpet av 2014:

	Andelskapital	Fri egenkapital
Eigenkapital Landbrukstenester Sogn 31.12.13	86.000	1.468.185
Tilført ved fusjon med Vik Bygdeservice SA	205.300	- 124.898
Resultat i 2014	0	34.459
Eigenkapital 31.12.14	291.300	1.377.746

Note 5 **Anleggsmidler**

Anleggsmidler består av edb-utstyr og inventar

Kostpris 31.12.13	101.407
Tilgang	0
Kostpris 31.12.14	101.407
Akk. avskrivningar 31.12.13	101.407
Avskrivningar 2014	0
Akk. avskrivningar 31.12.14	101.407
Bokført verdi 31.12.14	0

Note 6 Pensjonar

Selskapet har ein innskotsbasert pensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Det er 56 tilsette som er omfatta av ordninga. Pensjonen for dei tilsette er avhengig av innbetalte midlar og avkastning på midlane. For selskapet er kostnaden i året lik premien i året.

Netto pensjonskostnad i året kjem fram på følgjande måte:

Netto pensjonskostnad i året for innskotsbasert ordning **120.793**

Pensjonspremie i året til pensjonsordning dagleg leiar **32.577**

Selskapet har ei kollektiv pensjonsordning for 1 tilsett. Kostnaden i året er rekneskapsmessig handtert lik den betalte premien for ordninga. Bokføringa er i samsvar med god rekneskapskikk for små føretak.

Pensjonspremie i året til kollektiv ordning 53.885
Netto pensjonskostnad i året for kollektiv ordning **53.885**

Samla pensjonskostnader 207.255

Note 7 Godtgjeringar**Dagleg leiar:**

Løn til dagleg leiar i 2014 har vore på kr 484.548. I tillegg kjem vaktgodtgjersle med kr 28.500. Andre godtgjeringar (inklusive bilgodtgjersle) til dagleg leiar utgjer kr 8.334. Det er kostnadsført kr 32.577 som vedkjem pensjonsordninga for dagleg leiar, samt kr 8.724 i ordinær OTP.

Revisor:

Det er kostnadsført revisjonshonorar med kr 35.855.

Av dette gjeld kr 8.800 revisjonshonorar for tidlegare Vik Bygdeservice SA som er kostnadsført i 2014.

Bistand frå revisor i samband med fusjon med Vik Bygdeservice er kostnadsført med kr 8.100.